

Medlemskap i Studieforbundet kultur og tradisjon



Alle frivillige organisasjoner, regionale og/eller nasjonale, kan søke om medlemskap i Studieforbundet kultur og tradisjon. Det er eit krav at organisasjonen identifiserer seg med Studieforbundet sin visjon, verksemdsidé og dei grunnleggande prinsippa.

Vedtekten seier dette om medlemskap:

§3. MEDLEMSKAP

1. *Medlemmar i Studieforbundet kultur og tradisjon er nasjonale og/eller regionale ideelle organisasjoner som verkar i samsvar med formål og verksemdsidé til Studieforbundet kultur og tradisjon.*
2. *Søknadar om medlemskap blir avgjort av styret. Søknadar frå organisasjoner som flyttar frå eit anna studieforbund, blir avgjort av årsmøtet.*
3. *Medlemsorganisasjonar som ikkje har hatt kurs dei siste tre åra, vil miste status som medlem. Arsmøtet fattar denne avgjerdan, etter innstilling frå styret.*

Når ein organisasjon blir medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon, oppstår det forpliktingar og moglegheiter;

- delta i dei demokratiske prosessane i Studieforbundet, som årsmøtet og eventuelt styret
- informere om studiearbeid til eigne medlemmar
- delta i fylkesledda til Studieforbundet og gjennom dette fylkesledda til Voksenopplæringsforbundet
- moglegheit for å söke kursstøtte til all kursverksemd som blir gjennomført etter regelverket
- moglegheit for å söke støtte via ulike offentlege kanalar til pedagogisk utviklingsarbeid
- moglegheit for å få besök av representantar frå Studieforbundet til kurs/samlingar/årsmøte
- det er ikkje medlemskontingent i Studieforbundet kultur og tradisjon
- medlemsorganisasjonane får overført pengar til kompetanseheving etter ein gjeve fordelingsnøkkelen. Tilskotet skal bidra til at organisasjonen får gjennomført eigne tiltak for å styrke eige læringsarbeid.

Per i dag har Studieforbundet kultur og tradisjon 33 medlemsorganisasjonar.

Norge å bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap.

VERKSEMDSIDÉ:

Studieforbundet kultur og tradisjon skal organisere og legge tilhøva til rette for folkeopplysing og opplæring i medlemsorganisasjonane, innanfor ramma for Lov om Voksenopplæring. Hovudkontoret for Studieforbundet kultur og tradisjon ligg i Vågå kommune.

GRUNNLEGGANDE PRINSIPP:

Studieforbundet kultur og tradisjon set det skapande mennesket i sentrum ved å legge til rette for:

- personleg utvikling og læring på eigne premiss
- oppleveling av levande kulturtradisjonar
- forståing for mennesket som ein del av eit økologisk heile
- erfaring med demokratisk organisasjonspraksis

Studieforbundet er finansiert frå kulturdepartementet, og formidlar tilskot til opplæring i medlemsorganisasjonane.

kjelde til inspirasjon og kunnskap, samhald og glede

Kulturoplæring i frivillige organisasjoner er ein stor og viktig del av den totale aktiviteten i organisasjonane, og eit grunnlag for det lokale kulturlivet.

